



## Tokke kommune

Arkiv: 233  
Saksnr.: 2021/330-2  
Saksbeh.: Åse Ingebjørg Flateland  
Direkte tlf.:  
Dato: 25.01.2021

### Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Landbruk, miljø og teknisk utval		

## Kommunal tiltaksstrategi for prioritering av SMIL-midlar, tilskot til drenering, tiltak i beitefelt og NMSK- 2021

### Vedlegg:

- 1 Tildeling av landbruksrelatera tilskot til kommunane i Vestfold og Telemark 2021
- 2 Retningsliner for søknad om tilskott til bygging og ombygging av skogsvegar

### Saksdokument:

1. Kommunal tiltaksstrategi – 2020
2. Landbruksplan 2016-2020

### Saksutgreiing:

Vi har følgjande økonomiske verkemiddel til disposisjon i 2020:

- SMIL kr. 150.000
- Drenering kr. 100.000
- Tiltak i beitefelt kr. 40.000
- NMSK kr. 120.000
- Skogsbilvegar, taugbane o.a. kr 720.000

Frå 2020 har kommunane har overtatt ansvaret for tilskotsforvaltinga for tiltak i beitefelt og tilskot til skogsvegar, taugbane o.a. Kommunane skal fastsetje retningslinjer for prioritering av tilskota og setje søknadsfrist. Erfaring frå tidlegare år er at tildela midlar fort vert brukta opp, og det er høve til å søkje om ekstra tildeling frå Fylkesmannen dersom det er trøng for det.

## **1. Jordbruk**

### ***Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL): kr 150.000***

Stasforvaltaren i Vestfold og Telemark syner til føringar frå Landbruksdirektoratet om at kommunane frå 2020 skal lage lokal tiltaksstrategi for SMIL for perioden 2020-2022, med skildring av miljøutfordringar og prioritering av type miljøtiltak. Kommunen skal prioritere tiltak med god miljøeffekt i sin kommune ut ifrå lokale behov og utfordringar.

Tokke kommune har gjennom fleire år prioritert å gi tilskot til verneverdige bygningar og skjøtseltiltak i kulturlandskapet. Satsing på beitedyr er viktig for vårt område, og tiltak som fremjar denne satsinga vil bli prioritert.

#### ***Formål med SMIL-ordninga:***

Formålet med tilskotsordninga er å ivareta natur- og kulturminneverdiar, redusere forureining og å gjere tiltak utover vanleg jordbruksdrift. Vidare skal formålet vere å få ei best mogleg målretting av innsatsen og tiltaka på bakgrunn av miljømessige behov og utfordringar. På bakgrunn av dette skal kommunen fastsette retningslinjer for prioritering av søknadar.

#### ***Kommunale prioriteringar:***

LMT vedtok i møte 18.05.20 følgande prioriteringar for 2020-2022 for SMIL-tilskot:

- Generelt ynskjer vi å nytte midlane til tiltak som kan bidra til å utvikle miljøkvalitetar i landbruket til beste for næringa sjølv og lokalsamfunnet. Dette vil vi oppnå ved å stimulere til prosjekt som kan bidra til å utvikle miljø og næringstiltak med basis i landbrukets kulturlandskap.
- Tiltak som stimulerer til beitebruk og opning av kulturbeiter. Vi må ta vare på beiteressursane vi har og stimulere til rydding og bruk av dette. Dette meiner vi er dei viktigaste miljøtiltaka i vår kommune.
- Område som i landbruksplanen er prioritert som verdifulle kulturlandskap vil bli prioritert. Me vil spisse satsinga litt ved å auke tilskotssatsen inn mot desse områda.
- Det vert gjeve sterke signal fra Fylkesmannen om at SMIL-midlane skal prioriterast meir mot klima- og miljøtiltak, og vi vil prioritere tilskot til hydrotekniske tiltak. I vår kommune kan skader på gamle røyr og anlegg, t.d. gjødselkummar og –kjellarar, kapasitetsproblem på grunn av endring i nedbør og vasskvalitet vere aktuelt. Utfordringane skal takast på alvor med omsyn til avrenning, klimatilpassing, ressursbevaring og matproduksjon.
- Restaurering av verneverdige bygningar vil framleis vere høgt prioritet, ettersom dette er svært viktig i kulturlandskapet i Tokke. Det må ligge til grunn ei fagleg vurdering av kriteriet verneverdig. Det vert berre gjeve støtte til utvendig restaurering, dvs. at tiltak som går på standard inne vert ikkje støtta. Bygningar som er tatt ned vert ikkje prioritert ved oppattbygging.
- Bygningar som har ein sentral funksjon i eit samla tunbilete vil bli prioritert framfor det motsette, og bygningar som vil vera ein del av drifta på garden vert prioritert framfor bygningar som ikkje er ein del av drifta på garden.
- Fellestiltak der mange er med, går føre enkeltiltak som har lågare prioritet. Det vert ei fagleg vurdering om kostnaden står i høve til nytta. Dvs. at tiltaket må gjelde eit visst antall dyr. Vi gjer ei vurdering av nytte/kostnad.
- Busette eigedomar og gardsbruk i drift, med trong for beite, vert prioritert.
- Langt komne, attgrodde beite vert ikkje prioritert.

- Tilskotssatsane varierer, men det kan maks gjevast opp til 50 % av kostnadsoverslaget.
- Vi har siste åra lege på 25 – 40 %, med eit snitt på 30 %. Verneverdige våningshus vil kunne få ein lågare prosent og berre til utvendige oppgraderingar.

## Søknadsfrist 1. juni

### **Drenering av jordbruksjord: kr 100.000**

Tilskot til drenering av jordbruksjord, avgrensa til systematisk grøfting, profilering og omgravning er kr.15 per løpemeter, avgrensa til kr. 2000 per dekar. For anna grøfting kan ein gi kr 30 per løpemeter, avgrensa til kr. 2000 per dekar. Fylkesmannen tilrår at drenering av fulldyrka areal vert prioritert, og at ordninga vert formidla aktivt.

Vilkår for ordninga:

- Både eigar og leigar av jordbruksarealet kan søkje, men tilskotet skal gjevast til den som har kostnaden med tiltaket.
- Areala skal tidlegare ha vore grøfta
- Unntaket er planerte areal, som det kan gjevast tilskot til utan at dette har vore grøfta tidlegare.
- Ordninga gjeld ikkje drenering ved nydyrkning
- Det skal leggjast ved plan for drenering og skildring av tiltaket, kart med planlagde grøfter og andre dreneringstiltak, samt miljøvurdering
- Tiltaket må ikkje vere påbyrja før søknad er handsama

## Søknadsfrist: Fortløpande handsaming av søknadar.

### **Tiltak i beitefelt: kr 40.000**

Ordninga skal stimulere til utmarksbeiting, og i den samanheng best utnytting av beite samt å redusere tap. Fyrst og fremst skal ordninga fremje fellestiltak der det hovudsakeleg er beitelag som kan søkje om midlar.

Prioriterte tiltak er:

- Investeringar knytt til teknologi og elektronisk overvakingsutstyr
- Sanke- skiljeanlegg
- Ferister av godkjent fabrikat eller bygd etter standardteikningar
- Sperregjerder (det vert ikkje gjeve tilskot til ordinær inngjerding)
- Bruer dimensjonert for føring av beitedyr

Rettleiande satsar for eige arbeid:

- Manuelt utført eige arbeid: 300 kr/time (maksimalsats)
- Bruk av motorsag, ryddesag o.l.: 350 kr/time
- Bruk av traktor: 500 kr/time
- Bruk av gravemaskin: 650 kr/time

Tilskot kan gjevast med inntil 50% av godkjent kostnadsoverslag (70% for elektronisk overvakingsutstyr). I retningslinjer for tildeling av tilskot til elektronisk overvakingsutstyr frå Landbruksdirektoratet, står det at det kan gjevast tilskot med opp til 70% av godkjent kostnad opp til 50% dekningsgrad av samla tal dyr i beitelaget.

Det vert ikkje gjeve tilskot til mindre kostnadskrevjande tiltak. Tilskotet er i hovudsak meint til organiserte beitelag, men kan gjevast enkeltføretak i nokre tilfelle (naturgjevne/driftsmessige tilhøve).

### **Søknadsfrist: 1.mars**

#### **2. Skogbruk**

##### **Nærings- og miljøtilitak i skogbruket (NMSK): kr 120.000**

Tildeling av NMSK-midlar for 2021 er 120 000,- kroner. Som tidlegare er tildeling basera på ungskogpleieaktiviteten året før. Aktiviteten har gått opp frå 2018 og 2019, dermed vart tildelinga auka. Statsforvaltaren ynskjer framleis ikkje å stimulere til skogplanting gjennom NMSK-ordninga. Lokalt skogeigarlag ynskjer ordinært tilskot til skogplanting, men kommunar som gjev slikt tilskot blir nedprioritera ved tildeling av NMSK-midlar. Det er eit mål i landbruksplanen i Tokke kommune at ein skal ha fokus på høg skogkulturaktivitet for å sikre framtidsskogen.

Tiltak:

- Fylkesmannen har innført ordning der aktørar som utfører ungskogpleie for andre får 1500,- kroner pr. utført oppdrag. Dersom ein utfører oppdrag t.d. vår og haust for same grunneigar, reknast dette som eit oppdrag.
- Aktivt informere om skattefordelane ved å nytte skogfondsordninga.
- Bevisstgjere skogeigerane i forhold til lønsemd av å ha kvalitetsskog.
- Stimulere til auka hogst for å etablere ny skog og for å frigjere skogfondsmidlar.
- Fylgje opp bærekraftforskrifta som seier at skogeigerane pliktar og leggje til rette for ei tilfredstillande forynging innan 3 år etter hogst.

Kommunal prioritering etter tildelinga frå Statsforvaltaren blir å støtte ungskogpleie med inntil 40 % tilskot.

### **Søknadsfrist: 1. november.**

##### **Tilskot til skogsvegar, drift med taubane, hest o.a.: kr 720.000**

Den totale tildelinga til Vestfold og Telemark i 2021 frå Landbruksdirektoratet er på kr 7 700 000. I tillegg er det overført 904 500,- kroner frå 2020. I Tokke er det meldt inn mange vegprosjekt i ein såkalla vegbank. Dette har ført til at Tokke har fått tildela 720 000,- kroner for 2021. Dette er ein auke på 520 000,- frå 2020. Dersom alle vegprosjekta i vegbanken blir realisera vil tildelingane for Tokke vere for liten. Statsforvaltaren har halde tilbake 1 954 500,- kroner til fordeling til kommunar som treng meir midlar.

I tråd med retningsliner for søknad om tilskott til bygging og ombygging av skogsvegar gjer ein tilskot på mellom 20 % og 50 %. Satsane bestemmarst utifrå kvalitet og lønsemd på vegprosjektet. For taubane og hest er det inntil 80 kroner pr m3.

Søknadsfrist: 1 november.

Landbruksdirektoratet har eigne tilskotsordningar:

- Suppleringsplanting støttast med inntil 20 % tilskot.
- Tettare planting som klimatiltak støttast med inntil 60 % tilskot for planter utover minimumskravet.
- Skoggjødsling som klimatiltak støttast med inntil 40 % tilskot etter visse kriteria.

Tokke kommune bør ikkje prioritere tilskot til desse føremåla parallelt med direktoratet.

Satsinga og prioriteringane av midlane slik det går fram ovanfor, er i samsvar med landbruksplan for Tokke kommune. Denne har vore på høyring hjå faglaga.

**Søknadsfrist: 1 november.**

**Rådmannen si tilråding:**

1. LMT vedtek framlegg til strategi for bruk av dei økonomiske midlane til landbruket i Tokke for 2021 (for SMIL-midlane fram til 2022) slik det gjeng fram av saksutgreiinga.
2. Disponible midlar vert fordela i den storleik og til dei føremål som gjeng fram av dokumentet.
3. Rådmannen har høve til å gjera endring i fordeling til føremål utover i året, dersom det skulle vera naudsynt. Handsaming av søknader vert delegera til rådmannen.